


ROS-ANALYSE

REGULERINGSENDRING
DETALJREGULERING VIK – SELNES, VESTNES KOMMUNE

05.07.2022



PlanID 0030E2

Plan- og bygningslova § 4-3

Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse.

Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging.

Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin vegleiar Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging (2017) ligg til grunn for disposisjon og metodikk i denne ROS-analysen, særleg kap. 4 og vedlegg 1 med analyseskjema.

Kap 4:

I forarbeidene til PBL er det et mål at planleggingen ikkje medfører uønskede konsekvenser for samfunn eller utfordrer den enkeltes trygghet og eigedom.

.....

I forarbeidene viser «trygghet» til det å vurdere befolkningens trygghet og samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt.

.....

DSB anbefaler at konsekvenser for natur og miljø blir vurdert gjennom andre metoder.

1 PLANOMRÅDET OG UTBYGGINGSFORMÅLET

Planavgrensinga er fastlagt i oppstartsmøte med kommunen.

Planområdet er ca 22,5 daa stort, inkl. vegareal på kommunal veg..

Planområdet og reguleringsformålet, bustadformål/frittliggende småhusbebyggesle, er i all hovudsak i samsvar med gjeldande arealplanar. Unntaket er areal tidlegare regulert til jordbruksføremål.

Planområdet omfattar eigedomar eigd av Eiendomsutvikling Norge AS, gnr. 60 bnr. 9 og gnr. 61 bnr. 105.

Området ligg mellom Johnvegen og Vikvegen og arm av denne mot vest. Johnvegen er kommuneveg og sambindingsveg mellom Vikvegen og Myravegen.

Planområdet er elles omkransa av bustadområde og restar av tidlegare småbruk.

Det ligg ikkje samfunnsfunksjonar innanfor planområdet eller inn til dette.

Lokaliseringa ligg ca 1,2 km frå skule og idrettshall (i luftline), ca 650 m til forsamlingshus og idrettsplass og ca 650 m til Trohaugen næringsområde med mange arbeidsplassar. For tilrettelegging av friluftsiinteresser kan nemnast etablert småbåthamn og naustområde ca 400 m unna planområdet.

Gjennom ny reguleringsplan er målsetjinga å fastsette rammer for utbygging av området med tilrettelegging for bygging av bustader.



Planområdet

Registreringar

- Kommunal veg og kommunal infrastruktur ligg inn til området.
- Planområdet har moderat stigning opp frå vest, og ligg mellom kote 19 og 41. Det står i dag eit eldra bustadhus og driftsbygning innanfor plangrensene. Desse er planlagt rivne.
- NVE sitt farekart for kvikkleire viser at heile planområdet ligg utanfor område registert som aktsemdsområde for mogleg ustabile grunnforhold/leirskred. NGU sitt lausmassekart definerer grunnen i planområdet til å vere «Hav- og fjordavsetning og strandavsetning, usammenhengende eller tynt dekke over berggrunnen.»
- Store delar av planområdet ligg innanfor område med potensiell jord- og flomskredfare i NVE sitt aktsemdskart for jord- og flomskred.
- NVE sitt aktsemdskart viser at utlaupsområde for snøskred kan komme ned i planområdet. Dette er eit datagenerert aktsemdsområde, utifrå avstand mellom høgdekoter. NGI har ei meir nøyaktig avgrensing av dette området, og denne viser at snøskred ikkje vil nå ned til planområdet.
- NVE sitt aktsemdskart for store fjellskred med påfølgjande tsunami, dekkjer det meste av planområdet. I følgje NGI sin nyare rapport vedr. mogleg skred i Opstadhornet, rapport 20170280 (2018), vil oppskyllingshøgda i denne delen av Tomrefjorden vere ca 1 m, og vil såleis ikkje nå planområdet.

Verknader

Ny reguleringsplan vil vidareføre reguleringsformålet «frittiggande småhusbebyggelse», som ligg i gjeldande reguleringsplan. Planen utvidar formålet til også å gjelde regulert jordbruksområde nedst i planområdet.

I tillegg fastset planen traséar og standard for interne vegar og friareal/leikeplassar.

Plansituasjonen



Heile planområdet ligg innanfor gjeldande reguleringsplan for Vik – Selnes, sist endra i 1988. Kommuneplanen av 2015 stadfester at denne reguleringsplanen framleis skal gjelde.

Av illustrasjonen går det fram at området er detaljregulert med interne vegar, leikeplass og tomteinndeling. Eit areal på ca 5 daa er regulert til jordbruksføremål.

Gjeldande plansituasjon

2 IDENTIFISERING AV UØNSKA HENDINGAR

I samband med identifisering av uønskte hendingar, må kriteria for akseptabel risiko gitt i TEK 17 § 7 om naturfare takast omsyn til.

TEK17 § 7 – definerer fareklassar (§ 7-2 flaum og stormflo) og sikkerhetsklassar (§ 7-3 skred, inkl. flaumbølgje frå skred frå Opstadhornet) for ulike bygningstypar i forhold til naturpåkjenningar.

Bustadbygg og liknande blir plassert sikkerhetsklasse F2 med omsyn på flaum og stormflo. Det vil seie at hendingar som kan skje med 200 års intervall, skal vere dimensjonerande.


Med omsyn på skredfaren vil sikkerhetsklasse 2 vere gjeldande for bustader som det her blir planlagt for. Det vil seie at det er hendingar som kan skje med 1000 års intervall, som skal vere dimensjonerande.

Naturfare er forhold som kan påverke utforminga av reguleringsplanen, eller krevje at det blir innarbeidd tiltak for å redusere risikoen.

NATURHENDINGAR

Grunnforhold – leire, ustabil grunn.

NVE sin kartbase over område med potensiell fare for kvikkleire viser at planområdet ikkje ligg innanfor slike.



NVE – farekart kvikkleire

NGU sitt lausmassekart definerer grunnen i planområdet til å vere «Hav- og fjordavsetning og strandavsetning, usammenhengende eller tynt dekke over berggrunnen.» Vidare at dette er «Grunnledte områder/hyppige fjellblotninger. Tykkelsen på avsetningene er normalt mindre enn 0,5 m, men den kan helt lokalt være noe større. Det er ikke skilt mellom hav-, fjord- og strandavsetning. Kornstørrelser angis normalt ikke, men kan være alt frå leir til blokk.»


I innspel til planarbeidet peikar NVE på at grunnlaget for lausmassekartet til NGU har god kvalitet, og at omfanget/laget av marin avsetning er så lite, er det ikkje fare for område skred av kvikkleire.

På dette grunnlaget blir ikkje naturhendingar knytt til grunnforholda analysert og vurdert vidare.

Snøskred og steinsprang


I lia ovanfor fylkesvegen kan det vere fare for at snøskred kan bli løyst ut. NVE sitt aktsemdskart for snøskred og steinsprang, som er basert på NGI sine berekningar, viser at utlaupsområdet for slike skred ikkje vil nå planområdet.

Med grunnlag i NGI sine berekningar og NVE sitt aktsemdskart, blir ikkje konsekvensar av eventuelle snøskred og/eller steinsprang vurdert vidare.



NVE - Aktesemndskart for snøskred

Fjellskred/fodbølge




NVE sitt farekart for fjellskred viser at planområdet ligg innanfor oppskyllingshøgda for ein tsunami som ein følge av at deler av Opstadhornet rasar ut i fjorden. Opstadhornet ligg på Oterøya, ca 13 km frå planområdet, og deler av dette er registrert som eit ustabil fjellparti. Fjellpartiet er overvaka for å kunne ha kontroll på utviklinga.

Farekartet stipulerer at faren for ei slik hending er mindre enn 1:5000. Dette er sjeldnare enn dei grenseverdiane som er gitt i TEK17 §§ 7-3 og 7-4.

NGI utarbeidde ein rapport i 2018 på grunnlag av dei nyaste observasjonane og reknemodellane:

«På oppdrag frå NVE har NGI gjort skred- og bølgeberegningar for et scenario med fjellskred frå Opstadhornet på 1.600.000 m³. Dette scenarioet er omtalt som scenario B i NVE (2016) og er det mest sannsynlige av scenarioene fra Opstadhornet. Nominell årlig sannsynlighet er antatt å ligge mellom 1/5000 og 1/1000 (NVE 2016). . . . Denne rapporten viser konsekvensene som et skred tilsvarende scenario B vil ha i form av bølger i nærliggende områder.»



Figur 4.3 Faresone for sikkerhetsklasse S3 er vist i rødt. Ved bruk av flomsone, vil det kun være faresone for S3 i den delen av det røde området som er skravert (og ingen faresone for F3, se teksten over). Tallene er oppskyllingshøyder inklusive forventet økning i havnivå på 0.7 m. Det er ikke gjort beregninger av oppskylling ved den avlange øya Tautra som ligger midt i fjorden sørøst for skredområdet.

Utsnitt av NGI sin rapport (2018)

Rapporten viser at oppskyllingshøgda kan bli ca 1 m i dette området. Dette betyr at den mest sannsynlege hendinga i Opstadhornet ikkje vil vere dimensjonerande for tiltak i planområdet, og påverkar heller ikkje fare- eller sikkerhetsklasse etter TEK17.

På dette grunnlaget vil ikkje forholdet til ei slik hending bli vurdert vidare i ROS-analyse.

Flaum - overvatn

Framskrivingane av aktuelle klimaendringar peikar på endringar i nedbørssituasjonen med mellom anna høgare intensitet. Dette kan føre til nye situasjonar med tilhøyrande fare for skader. Kommunen har informert om at det kommunale overvassnett har avgrensa kapasitet, og at ein for den nye planen må vurdere andre løysingar.



Området på Vik er i utgangspunktet ikkje spesielt utsett for flaum på grunn av overvatn. Det er få eksisterande og naturlege vassvegar i dette området.

Fylkesvegen skjer av dei bekkefara som kjem ovanfor lia, og slepp vatnet gjennom berre på få stader. Alle ligg med god avstand til planområdet.

Fylkesvegen ligg også med fall sørover, slik at evt. større vassmengder vil følgje veggrøfta mot området ved undergangen.

Med slik reduksjon av «nedslagsfeltet» ovanfor planområdet, vurderer ein at flaumfare på grunn av overflatevatn ikkje er vesentleg for det aktuelle planområdet.

I tillegg eksisterer det i dag ein open kanal som ligg inn til planområdet i sørvest. Denne har kapasitet til å ta imot overflatevatn frå dette, noko som kommune har gitt samtykke til.

Å leie vatn til denne, vil ikkje føre til fare eller ulemper for områda nedstrøms.

Ut frå dette ser ein ikkje at overvatn kan føre til uønska hendingar som må vurderast nærare.

VERKNADER AV PLANEN

Veg og trafikk

Innanfor planområdet blir det planlagt å føre opp 20-25 bueiningar. Dette representerer ei trafikkmengde på 100-125 ÅDT, fordelt på to vegar/avkøyrslar. Begge to med avkøyring til Johnvegen.

Johnvegen er regulert med totalbreidde på 7,0 m, med ei køyrebane i dag på 4,0 m. Skilta fartsgrense er 30 km/t.

Ein har ikkje oppgitte trafikkmengder for Johnvegen.

Myravegen drenerer trafikk både gjennom Johnvegen (i nord) og direkte til Vikvegen i sør.

Johnvegen samsvarar såleis ikkje direkte med nokon vegtype i vegnormalen N100, men er tilnerma lik vegtype «Lokale vegar», med ÅDT mindre enn 1500. Skilta fartsgrense avvik frå denne.

Kommunen har vurdert innspelet frå Møre og Romsdal fylkeskommune vedr. kryssutforming mellom Vikvegen og Fv661/Fjordvegen, jfr. notat datert 05.07.2022. Konklusjonen i dette er at trafikkveksten, som ein følgje av ny plan, er å rekne som svært liten, og at krysset er tilfredsstillande utforma og drifta, og tiltak er ikkje naudsynt.

Overflatevatn

Som nemnt ovanfor vurderer ein ikkje at planen fører til utfordrande situasjonar vedrørende overvatn. Den detaljerte utforminga av overvasshandteringa i feltet skal i tillegg godkjennast av kommunen saman med dei øvrige tekniske anlegga.

3 VURDERING AV UØNSKA HENDINGAR

Som det går fram av kapitel 2 – Identifisering av uønska hendingar, er det ikkje identifisert hendingar som påverkar planområdet, eller som ved gjennomføring av planen vil påverke innbyggjarar sin tryggleik eller samfunnsfunksjonar.

Det er såleis ikkje grunnlag for å gå vidare med ROS-analysen knytt til dette planarbeidet. Andre forhold som kan vere sårbare eller representerer interessekonfliktar, er vurderte i planomtalen.

JOBing

Ing. Jostein Bø
Kråkvika 33
6390 Vestnes